Like fyri denna vegen enda går det slik passe bratt uppete te Spekebakk - her e førresten utsikta heilt utrole ven. Følgj so på neråt på nersia tå hytta fyri du førtsett beint fram på ein artig stig som tek deg te Hølungset. Herifrå e det duvele god grusveg neråt Stogofjorden og du sykla langs denna viare i retning Sanderstølen.

Ved Stølsdokken hotell tek du te høgre og følgjer vegen øve eit jorde og neråt riksvegen. På grunn tå den dårlege kvaliteten på riksvegen prøve me å la det meste tå sykkelturen gå på grusvega.

Hald ut og sykle ner førri Vasetdansen, kryss åne og ta te venstre når du kjem te Tisleikollen høppbakkji. Følgj grusvegen upp te Hermanstølen og ta te venstre når du kjem utpå Tisleivegen. Følgj på te du kjem te Furusetkrysset der du tek te venstre og sykla neråt Tisleifjorden og viare attende te Oset Høgfjellshotell.

Du finn kart, skjeldriu og slik ein gps-sporlogg te nerlasting på [www.sykkelspor.no](http://www.sykkelspor.no)



Tlf 3207 9500 • [www.ose.no](http://www.ose.no)



Tlf 3207 8000

Bank. Forsikring. Og deg.

**SpareBank**   
HALLINGDAL

# Turtips Golsfjellet

## NYE SYKKELVEGA OG SKILT PÅ GOLSFJELLET

No ha golvingadn me fønne ut at dei leve tå turista. Ja dei era ikkje kanibala - men dei tjene peng på at følk kjem te bygda og bur på hotella, kjøpe hyttu, handla i butikadn og alt anna dei finn på.

I den førrbindelsen ha dei me sjekka lite rundt ko som sko fær turistadn te å koma te fjells og ha kome fram te at mange lika å sykle. Difør ha dei no laga eit par nye sykkelvega slik at me som sykla ska sleppe dei værste stigadn og motbakkjiddn.

Den eine vegen går frå Einarset (like nerom Storefjell) te Turkuppmyre, som ligg ovom Skutuset og Løstegard. Det gjer at du no slepp å sykle heilt nedom Rekkjeset før å koma deg rundt heile fjellplatået. Du kan me nytte denne vegen dersom du ha hug om å jukse i Hallingrített - før du spara bra med kaloria på å ta denna snarvegen då ...

Den are vegen ha dei laga myljo Auenhauglie/Bleiktvedt (myljo Lauvsjøen og Golsfjell Fjellstue) via Blekketjedn te Nørelie i Hemsedal. Detta gjer at det no e lettare å koma seg te Lykkja og viare te både Hemsedal og Valdres med flotte tura rundt Tisleifjorden, Gomobu og are eksotiske plassa.

Frå Nørelie kan du me hive deg innpå stigen som e ein del tå løypa «Storevatn rundt» ell du kan følgje stigen te Blomestøladn og viare mot Huso te Heggerusti og derifrå te Skryvvestølådne og attende te Golsfjellet.

Dei ha me utarbeida ein duvele bra skiltplan som ei gøng i tie sko danne grunnlaget før noko tå den beste merkinga tå sykkelvega og stiga som du finn i fjellheimen vår.

Alt i alt e nøk Golsfjellet, med testøtandes områdu i Valdres og Hemsedal, ein tå landets beste plassa før sykling.



3570 ÅL  
**ÅLRØRSERVICE AS**  
RENSEANLEGG - SANITÆR - GULVVARME  
SALG & SERVICE  
www.comfort.as • Tlf 9932 5907



*Odda Takst*  
**DBC Næringshage**  
3550 Gol - Tlf 3202 9924  
www.oddatakst.no  
Autorisasjon: Skadetaksering av bygninger  
Verditakseringer og tilstandsrapport av boliger

**TRETTERUD SPORT** 

3579 Torpo - Tlf 3208 3378  
www.tretterudsport.no



**PROTAN**  
**Tekniske Tekstiler**  
www.protan.no • Tlf 3207 2870

# Turtips Hemsedal

## FANITULLRUNDEN (meir enn lang nøk ...)

*I hine hårde dage da i syklingens ånd  
hallingdølenes gir satt løst i hans hånd,  
da kvinnene til sykkelritt bar lappesaker med  
hvori de kunne tette sin husbondes dekker med.*

*Stod der et vilt sykkelritt i Hemsedal et sted  
hvor lek og dans var tystnet og karene slo krets.*

*Ti midt i veien der starten gikk  
stod to syklistar klar til stikk.*

*Og som utskårne støtter i hvilende ro  
står ennå femten karer på start og ser på de to.*

*De trækker hardt mot det store fjell  
opp Holdeskaret gikk det likevell.*

*Forgjeves peser rytterne bak - høye hyl trenger seg frem  
i det de prøver å tette luken til de to foran dem.*

*De kastes brått til jorden av slitet som møter menn,  
for de bratte bakkene er tøffere enn dem.*

*Den ene av de to - hvor ble han av mon tro,  
men der han øye fikk på en sti så god.*

*Og tidt i mot solens skinn  
stien langs Lauvdalsbreen inn.*

*Men da han tom for krefter i kjelleren må,  
han i et blålig skinn en syklist nå så.*

*Og karen trakk det godt i vei - trosset myren i en fei,  
i rette strekk det gikk, på sti til ny en vei.*

*Det var en sykling som dugde - det føk av sted som Hushovd selv,  
fra Svarthamar til Kråkhamar og like til Trettestølen vel.*

*Nok en sti i ruten kom - over et jorde noen vier igjen  
tidt i mot en vei kom frem, mon tro hvor den leder hen.*

*Vilt det gikk til Breiseth frem - ennå en sti kom frem,  
mellom stener og gjennom kratt - over en myr på veien hjem.*

*Beint til Sirestølen frem - på en sti som ei fantes før den dag  
kappet syklistene seg mot i et vilt og blodig jag.*

*Taus syklisten fulgte i hans tråkk ned til Thorset i et iltert løp  
det var som hvert et tråkk oppad ryggen på han krøp.*

*Så spurte han denannen «Hvor lærte du den sti»  
Han svarte «Det er det samme, men sykle den før ni»*

# Turtips Hemsedal

## FANITULLRUNDEN (held fram på denna sia me)

*Nu mannen ned seg lutet og etter drikkeflasken tok,  
da så han girarmen som takt mot hjulet slo.  
Han glemte rent at styre, han trillet i en sten -  
nå stod han der alene uten hjulets luft igjen.*

*Fanitullrunden kalles ennu dette ritt,  
og dølene de sykler, og sykler den vilt.  
Men tråkkes den trange sti i syklingens ånd,  
da løsner atter giret i hallingdølenes hånd.*

(Slik skreiv kansji Jørgen Moe Fanitullen, men Asbjørnsen va'kje nokon stor tehengjar tå sykling so han krevde nøkk at det vart skriven om te å gjelde eit giftarmål med øldrikk og slikt.)

So detta e turen førr du som ha hug om å uppleva noko kulturelt me når du e ute å sykla.

Start i Hemsedal sentrum (det midtre tå dei tre), sykle øve brune og gjennom kæmpingen, viare førrbi det duvele svære fjøse burt te Mølla der du kryssa vegen og førtsett upp Høldeskaret. Gidd du ikkje å trøkke upp dessa bakkadn, kan du følge skiheisen upp te tøppen.

Om du finn ut at du ikkje føle førr å sykle lang tur i det heile tatt, ja då kan du heller bryte nakkjin, ryggjen og hendadn i ein tå dei to sykkelparkadn som du finn i skisenteret. Det høyrst kansji lite dumt ut, men jo'ra det e fullt mogle å sykle i skisenteret sjølv om det ikkje e snø der.

Frå Holdeskaret følger du bærre Fanitullvegen (fjellvegen myljo Hemsedal og Leveld i Ål) førrbi Flævassdemninga, lite langs vatnet og upp ein lang men ikkje bratt motbakkji. På tøppen her ser du beint inn i Lauvdalsbrea, som slettest ikkje e ein bre - men derimot eit vent fjell, på venstre hand. Du førtsett eit bel te og tek te venstre i fyste kryss og sykla denna vegjen heilt te den ikkje e ein veg lenger.

Tråkk i veg (anten te fots ell på sykkeln) øve myridn te du kjem te Svarthamar, følgj vegjen viare førrbi Kråkhamar og like te Trettestøladn. Her går det ein ny stig burt te Breiseth der du finn nokre få meter med veg fyrri du på ny sko ut i tærenget.

Stigen frå Breiseth te Sirestøladn e so som so og slettest ikkje god å sykle, men ette eit bel so e du på Sirestøladn i Hemsedal. Herifrå følger du vegjen nedåt og like te Thorset fyrri du førtsett langs gardadn og attende te sentrum.

Heile ruta e merka med vene grøne skilt!

# HEMSEDAL™

[www.hemsedal.com](http://www.hemsedal.com)

# Turtips Tørpo

## DER INGEN SKULLE TRU AT NOKON KUNNE BU (omlag fleire km)

Du har kansji høyrte tala om ho, ell om mogeleg køyrt førbi skilta på riksevegen gjennom Hallingdal. Der - midt i myljo Gol og Ål kjem du brått te ei avkøyring, Tørpo A. Ko e detta Tørpo A undrast du kansji - kjem det no eit Tørpo B. Forundringa bi bærre større når du etter nokre få kilometer, der du ikkje ha sett noko anna enn skog og kan hende nokre kyr, kjem du te det neste skiltet - Tørpo V. Ko e detta Tørpo og koffor e det delt upp i to, eller ha eg no køyrt førbi bokstavadvn myljo A og V?

Svaret fær du ikkje før du svinga tå frå hovudvegen og tek turen innom. Dei færreste har teke seg bryderiet med å oppsøke den noko avsidesliggande grenda Tørpo. Mange tru te og me at detta bærre e ei fråflytta bygd utta mål og meining. Men sanninga e ei anna, detta e ei bygd «full» av liv og von om ei god framtid.

Du e moglegvis på hastig veg i ein ny svær firhjulstrekk bil te fritidsbustaden din på Geilo. Ja mange væljer å kalle det for ei hytte, men kan eit byggværk på fleire hundre kvadratmeter reknas som ei hytte? Me væljer å kalle det for noko anna, noko som det ikkje e rom for i eit samfunn som Tørpo. Her e det heilt are verdiar som kjem te syne.

Dei små husa, dei leikande og lukkelege borna, pokerspelandes pensjonistar og dei to kyrkjene vitnar om ei harmonisk grend midt i det hastige dagleglivet.

Det e her du og kan finne roa og harmonien i livet ditt. Ein sykkelturn gjennom denna friske utposten tå ei grend i Hallingdal gjer noko med deg.

Kjem du nerante, blinkar du te høggre og svinga tå hovudvegen der det e skilta te Tørpo A(ust). Det går då lite upp fyri du kjem til den fyste tå fleire nedlagde bensinstasjonar du finn her. Bygda bær tydeleg preg av å ha husa mang ein oljesjeik der me fyst møter byggningsmassen etter Texacostasjonen, fyri me so kjem te ein kæmpingplass som framleis driv med utleige av hyttu og slikt. Lite lenger fram i gata kjem nøk eit oljepalass fram frå omlag ikkje noko. Her va det tidlegare både Essostasjon, samt sal tå og skruving på Citroën og Subaru. I dag driv dei bærre å sveisa rust på gamle bila.

Eit og anna hus finn du og i bygda. Mange tå dei ligg langs det som innbyggeradvn kalla sentrumsvegen, men vegmyndigheitane valte å kalle Torpovegen sidan dei alder fann sjølve sentrumet.

Du følger vegen viare te det som tørpinga sjølve yndar å kalle «rutebilstasjonen», dikkon are kan lett sjå at detta e ei litt stor busslomme med slikt eit lite skur før dei reisande som venta på at bussen, som ikkje går, sko koma.

Her ha me von om at du finn ein ledig plass te bilen din, slik at du no kan ta deg ein sykkelturn i dette griskgrendte strøket - midt i sivilisasjonen i Hallingdal.

Overraskinga er stor når du kjem deg ut or bilen og ser deg rundt. På ein plass, du knapt kunne tenkje deg at nokon kunne bu, ja der ser du brått ein sportsbutikk. Du veit endå ikkje om du fær kjøft bollu og brus, men sykla det veit du alt no at kan få kjøft på are sia tå vegen før rutebilstasjonen. Utruleg men sant.

# Turtips Tørpo her me

Noko forundra set du deg no på sykkelen og trøkka i veg. Du følger gangvegen i omlag trædvemeter fyr du tek te høgge og følger skiltinga mot Lien. Det går uppete og du kjem førri husa te fleire tå dei mest kjende tørpingerane frå meir eller mindre moderne tid. Eit tå dei fyste husa e etter tidlegare rektor Torbjørn Tragethon, som det framleis går gjetord om der han på kveldstid kørde bygda rundt og sende heim utegående unga før at dei skull koma seg i seng.

Like ovanfor Lien landbruksskule, som ligg der som eit monument over den tida då bonden va den viktigaste personen i bygdesamfunna i distrikta, kjem du te garden Bråtali. Her budde faktisk den fyste stortingsrepresentanten frå Hallingdal. Framleis den einaste tørpingeren som har hatt slik ein viktig posisjon i storsamfunnet.

Du sko sykle viare upp bakkadn, heilt upp te Syningen og viare te Volelie. Den fyste biten på noko dei kallar asfalt, men den e so skral at det e ein fryd å koma seg på grusen noko høgare upp. Her bur det knapt eit levandes menneske. Bærre på garden Liahagen kan ein sjå antydninga te liv. Inne i fjellet e det ei og anna hytte og nokre få støla der det framleis kan, med noko hell, væra eit og anna dyr og lukkelegvis ei budeie ell to..

Du held ut og kjem deg frå Volelie te Gaurhovd og tek te på bakkadn ned mot Opheim, som e nok ei lita grend i den vesle grenda Tørpo. Her bur det fleire familiar som har vent seg te det noko spesielle livet der dei grip seg fast i fjellsiudn før å livnære seg med kyr, hest og sau. Det e noko eige med detta bygdelivet her på Tørpo.

Det går styggsnøgt utførr bakkadn om du ikkje bruka bremsudn dine og fyr du anar ord tå det er du nere i bygda att og får brått sjå dei to kyrkjene. Her må dei være svært så gudetroande tenkjer du kansji. Men so e ikkje heilt sant, derimot e dei tidt og anna so gjerrige at dei nøkk ikkje ha tikji seg råd te å rive den eine - før det e då bærre den are som bia brukt ein sjeldan gøng i blant.

Du e attende i bygda du ikkje trudde nokon kunne bu i, du har sett hus og gardar der folk gjer alt og ofrar mykji før å kunne bu - men turen e ikkje slutt endå. Der du no står på parkeringa uttaførr den nedlagde matbutikken Tørpo Handel sko du no sykle til høgge og følge vegen førri vekstområdet i grenda. Her finn du von og tru i Tørpo Næringsssenter, fyr du kjem te Mestertun og Tømrarad'n. Detta e to ulike firma som set upp slike laftahyttu og det e lett å sjå kem tå dei som levera dei største bygga ...

Ta te høgge ved den e tru bygge størst og hald fram på gangvegen, gjønno området Kringla - der det va ein kæmpingplass hjå Kaupangen, heilt fram te utpå søttitalet. Kryss hovudvegen og trøkk deg gjønno den nedlagde Heimeværnskula fyr du kryssa hovudvegen og åne på brune. Sykle førri den daue kæmpingen og ta te venstre i fyste kryss.

No e du ute i villmarka og bærre nokon få bygg kan vitne om at detta e i ei verkeleg verd. Du sykla ette eit bel på ein gamal og svært lite brukt veg langs Tingvoldfjorden. Heilt i enden tå vatnet, der vegen held fram unde jødnbanen, kan du ta føto fatt og vitje Tingvoldsaga som vart nedlagd på femtitalet ein gøng.

# Turtips Tørpo - endå ei side

Sykla`ru viare på vegen kjem du straks te Tørpo stasjon, der toga stoppa tidt og ofte bærre for omlag tjuge år sea. Her e det med are ord knapt noko vits i å venta på toget om du e sliten. Du lyt sykle heilt fram te bilen, men det er ikkje langt at no.

Du lyt bærre krysse åne på stasjonsbrune og so ta te høggre uppe i det fyste kryssset.

Finn du ikkje atte bilen din, ja so kan det væra førr atte du satt`n frå deg på ein busshaldeplass. Det er nemleg ikkje lovleg det.

På veg heimatte, kan du no få med deg resten av grenda og. Du kjøyrer i so tilfelle viare langs Torpovegen. Ette å ha køyrt førrbi klubbhuset te ungdomslaget, der medlemmadn e minst like teårskåmne som sjølve bygget, kan du snøgt sjå nøkk ein nedlagd matbutikk, som i mellomtide me har solgt kontorutstyr, fyri du kjem te den butikken som framleis e i drift. E du svøltin ell tyst kan du no stoppe her og legge at noko peng slik at me som bur her endå kan nyte gødt tå å ha ein god nærbutikk.

Like bortom butikken finn du Opheim Pensjonat, som me era usikre på om e i drift ell ikkje, fyri du kjem te det som ein gøng i den svunne fortida va både postkontor og bygdas einaste manuelle minibank med ein åpningsdag i viku.

Like ette å ha passert Tørpo Næringsssenter og nett fyri du kjem te Tømrrerad`n bit du deg moglegvis merke i skiltet til Wangen Familiecamping og tenkjer kansji at - «ja ja - nøkk ei nedlagd bedrift på Tørpo». Men so er det ikkje - detta er eit tå fleire bevis på at folk vil bu også i denne bygda. Her har folk kome til og gjenåpne den tidlegare perla tå ein kæmpingplass. For folk vil bu her og dei trivst godt, uanset kva dei seier dei are plassane i dalen.

Pust no roleg ut og kom deg heimatte vel vitande om at du no har opplevd noko spesielt og svært so eksotisk - nemleg grenda Tørpo i hjarta tå Hallingdal.



Telefon dagtid:  
3208 7100  
**FEILMELDING:**  
**3208 7130**  
[www.hallingdal-kraftnett.no](http://www.hallingdal-kraftnett.no)

## KL-Sørvis AS

3579 Torpo • Tlf 3208 2350

## Bruk heller buss!

Ta kontakt for  
rutetider og  
gode tilbud

**Fjord1**  
Hallingdal Billag

[www.hallingdalbillag.no](http://www.hallingdalbillag.no) - Tlf 3208 6060

www.hallingtorv.no  
**HALLINGTORV**  
TORVTAK FOR ALLE TYPER BYGG!

[www.hallingtorv.no](http://www.hallingtorv.no)  
Tlf 3208 6680



# Turtips Ål

## KVINNEGARDSLIE (omlag 21 km)

### Skulekrysset - Øvre Ål - Kvinnegardslia - Bakketeigen - Granhagan - Skulekrysset

Det e dei næringsdrivande i Ål, som har vore flinkast te å støtte Andebarkjii i arbeidet med detta heftet. Diførr e det ikkje plass te so lang ei turbeskriving som me kansji kunne ha ynskt uss frå Ål. Lell sko me gje deg eit godt tips om en ven tur!

Like nerom, ell ved sia tå og kansji noko ovom kunnskapsvogga på Ål finn du skulekrysset. Her e det kort veg te dei fleste skuludn i Ål, so her e det lite problem å finne parkeringplass te bilen - førr nær ei skule finn du knapt ein åling.

Ta te høgre i krysset og trøkk upp bakkadn mot Øvre Ål. Bærre hald ut og sykle fyst førribi Hallingdal Museum og Leksvold fyri det stig og stig og stig te neste kryss der du kan vælge om du vil te Hove Fjellgard ell om du tek den stuttaste vegen førribi Gjeldøkk familiebarnehage og viare heilt upp te tøppen tå bakkadn.

Om du e som me, ja då ha du alt stogga mang ein gøng å tikji Ål i augesyn - ja førr det e faktisk ei temmele ven bygd bærre du fær ho lite unda deg. E du som dei sprekare syklistadn, ha du nøk gått glipp tå detta.

Frå tøppen tå bakkadn held du fram beint ut te Holo. Her sko du følgje ein grusveg på are sia tå Kvinda, som e namnet på åne her inne i Kvinnegardslia. Einkor ungkar kan jo fort få trua på at det i desse gardadn e flust med einslege kvenfølk, men so e det ikkje - so bærre sykle viare med ein gøng.

Grusvegen tek deg te folkehøgskula på Bakketeigen, der du på ny kan sjå ut på heile bygde Ål. Og herifrå e det faktisk endå venare å sjå ner på Sundre og områdun rundt enn frå nokon anna plass. Om du bærre sykla nokon få meter te, kan du te og me sjå ner på Strandafjorden og beint upp te Hallingskarvet. Sjå deg ferdig og kom deg neratte te bygde, slik at du rekk å handle på butikken (Kiwi stenge fyst klukka 23 - so du ha noko tid atte vil e tru).

Bakkadn neratte te bygde era bratte og ålingadn køyre fort, so bia lite varsom so du ikkje råka utførr noko ildt!.

Væl nere tek du te venstre og følgjer vegen attende te skulekrysset.

Stadion  
**Kolsrud Sport**

Kolsrudsenteret: Tlf. 3208 1244 • Ålingen: Tlf. 3208 1455  
3570 ÅL • [www.kolsrudsport.no](http://www.kolsrudsport.no)

**G-SPORT ÅL**



• nærmele de gode opplevelsene

[www.gsport.no](http://www.gsport.no)  
Tlf 3208 2573

Bank. Forsikring. Og deg.

**SpareBank**  
HALLINGDAL

# Turtips Bergsjøområdet

## I HJULSPORA TE'N EIVIND FREDLAUS (burtimot førti km)

### **Slakteplassen - Tvist - Djup - Toviken - Symjing - lungsdalen - Symjing - Stolen - Kleppstølen - Frosen - Tvist - Slakteplassen**

I Vats ha dei krangla og slåst om småstein og kvista i fleire hundre år. Det e fyst no i seinare tid dei ha vorte førr late te å slåst om eigedom, no barka dei bærre i hop om kvenfølkji.

I sötjan-nittan va det eit lag hjå ein bonde. Der va mellom anna Evind Gudbrandsgard og Ola Øylien testades. Kvelden gjekk, heimebrenten vart drøkke upp og Ola tok te å beskulde Eivind førr å ha støle ei bjørk på eigedomen hass. So va det ikkji, førr buska vart felt i sameiget - te og me hadde'n løyve te å gjera so. Det utarta seg og han Eivind såg ikkji anna råd enn å peike med kniven, bærre førr å truge og skreme - men ved eit uhell fall dei oppo korare og kniven gjekk beint i hjarta te'n Ola.

I den tide slapp ikkji mordera fri førddi dei ha tedd se gødt bak muradn, nei dei vorte lyst fredlause i 18 år. Då voro dei fritt vilt og kem som helst kunne, utta å bi straffa, ta kål på'n Eivind. Detta visste'n um alt i det han Ola fall livlaus i gølvat. Diførr tok'n føto på nakkjin og flaug te fjells. Lite snålt i grunn, førr han kunne nøk ikkji flyge og det e vel ikkji lett å flyge med føto på nakkjin hell vil e tru!

I omlag 18 år levde'n Eivind i Skarvheimen - fjello myljo Ål, Hemsedal, Aurland, Lærdal og Hol. Her gjekk'n rundt å fann mat i naturen, budde i steinbui og ikkji minst hjalp følk som hadde råka utførr uhell og dårle vær i fjello. Bærre nåkre få månada fyri'n kunne vende attende te bygde som ein fri mann, hjølp'te'n nåkre reinsjegera i ruskevær. Ga dei husly, mat og værme. Som takk førr hjølpe tok dessa lærdøladn å skaut'en i ryggjin - slik enda livet te Eivind Fredlaus.

Ingen veit (ikkji so rart sea dei fleste som levde på den tide ha tikji kvelden no) kor det vorto tå krøppen te'n Eivind, men det e ein del som meina at det kan væra han som e gravlagd uttaførr kyrkjegarden te gamlekyrkja i Hol. På steinen står det «Her kviler ein fredlaus».

No kan du me gjera som han Eivind. Ja ikkji bi buandes i ei steinbu dei neste 18 åre, men uppleve det venaste tå ven norsk natur. Her fær nemleg du eit forslag te ein todagas sykkelturn.

Sal upp sykkelturn, pakk med deg noko mark (te å fiske med), lite kledu og trøkk i veg frå Slakteplassen (parkeringa du kjem te når du køyre upp te Bergsjø frå Vats). Du følje skiltinga førr runden som heite «Skarvheimen rundt», heilt nye og vene grøne skilt.

Denna runden tek deg langs Rødungen, Tvistvatnet, upp bakkadn te Dyrebotn, viare førribi Blomestøladn, Vallo og Djup fyri vegen heilt uventa bærre ikkji førtsett lenger enn te Toviken.

Ja då står du der då med vatn og fjell på alle kanta og ikkji ana kor du sko ta veggjin viare. Merkele koss ein rundturn bærre kan ende slik, ha dei bærre gløymd å byggje vegen viare - ell e det feilskilt. Ja kem veit, men mens du står slik å vrir skallen førr å koma fram te eit svar - ja då kan du kansji hukse at du skull ha bestilt båtskyss hjå'n Geirmund på lungsdalshytta. Ja førr du lyt nemle ta ein båt førr å koma på are sia tå Stolsvatnet.

# Turtips Bergsjøområdet

Ja om du ikkje e eiskle god te å symje ell kansji ha slike evnu at du kan gå på vatnet då - personle kan e bærre ligge på sprit so e fær ei utførding her.

Han Geirmund fær du ein gøng i blant takji på talatut 9758 9394 og då kan du tingje skys og samstundes ein plass å bu og noko duvele gødt å eta på lungsdalshytta. Her ha dei me, kor onsdag om sumaren, ei vandring te ei tå steinbuidn som han Eivind Fredlaus nytta i si tid. Høyr heile historia og sjå koss'n levde i fjellheimen.

Dagen ette, ell sama dag om du bærre vil nytte ein dag, køyre'n Geirmund de med båten sin ein god beta inn te Stolen, som e på are sia tå Stolsvatnet. Herifrå sykla du på ein temmele flat og god grusveg førri Stolsvatndemninga og viare te Kleppestølen.

Frå Kleppestølen te Frosen stig det omlag ein god del og det e lite bratt i eit par små kilometer, men førri følk som fær slike naturupplevelsa e'kje ein motbakkji noko ildt.

Om ikkje bakkjin tek anden frå deg, ja so gjer garantert utsikta burtette Stolsvatnet og like te Reineskarvet det. Her må du bærre ta ein stopp førri å nyte livet. Et ein apeloff ell to - ja bærre finn ein god grunn te å ta ein kvil, førri detta e kansji den venaste kvilen du kan ta!

Om du ha hug te å uppleva ei ekta hulder, ell budeie som ho sjølv kalla seg - ja då lyt du me ta sidevegen som tek deg te ho Anne Lise på Fagerdalen Støl. Her kan du meske deg med dei herlegaste rettan laga tå egne råvaru. Og om ikkje det va nøk, så ljug ho Anne Lise på kommando - slik at du me kan få ei kulturell uppleving du seint vil gløyme.

Om du kjem deg vekk frå huldre og ikkje bi'a bergtikjin, ja då sykla du attende te veggen nerve Stolsvatnet atte og følgje veggen viare te Tvist og attende te Slakteplassen..

Du finn kart, skjeldriu og slik ein gps-sporlogg te nerlasting på [www.sykkelspor.no](http://www.sykkelspor.no)



[www.rodungstol.no](http://www.rodungstol.no) • Tlf 3208 4622

## BERGSJØSTØLEN

[www.bergsjostolen.no](http://www.bergsjostolen.no)  
Tlf 3208 4618



[www.hallingdal-hytteservice.no](http://www.hallingdal-hytteservice.no)  
Tlf 3208 6680

## Bademiljø

### NORDHEIM VVS

3570 ÅL - Tlf 3208 6300  
[www.nordheimvvs.no](http://www.nordheimvvs.no)

Bank. Forsikring. Og deg.

SpareBank   
HALLINGDAL

# Turtips Hol og Høvet

## HOLSFJORDEN RUNDT (ikkji so langt, men temmele flatt)

### Hagafoss - Stensheim - Djupedalen - Hol sentrum - Hagafoss

Holingadn era heldige. Ikkji bærre fær dei løv te å huse kommuneadministrasjonen førr heile kommuna iberegna sjølvaste Geilo - endå dei der uppe helst vil ha alt i sitt eige sentrum - nei der ha dei me den vene Holsfjorden.

Forresten eit merkele fenomen detta med å gje namn te små vatn rundt om kring i dalen her. Strengt tatt e vel ein fjord noko heilt anna enn nokon små vatnpytta her i fjellbyggin våre. Men lell då gut - du kan no sykle rundt detta vatnet då!

Parker bilen uttaførr Kiwi i Hagafoss og finn fram sykkelen din. Set deg uppå setet og kom deg i veg øve brune og ta te høgare på are sia. Herifrå følgjer du ein grusveg eit bel, fyr du hiv deg innpå i lysløypa (ingen fare førr skiløpera no på sumaren) og sykla heilt burt te nybyggjarfeltet ved Seimsbrune.

Hald fram på den no eit lite bel svært so asfalterte vegen langsette vatnet. Når asfalten bi grus, ja då sko du halde fram endå eit stykkje te. Du passera nokre garda og hus, samt bygdas beste og mest solrikt plasserte badeplass. Har du med deg ungradn, ja då syns e beint ut at du lyt stogge å ta ein dukkert i lag med dei.

Vegen går viare langs heile vatnet og du fær ikkje kryssa vatnet te are sia fyr du e heilt inne i Djupedalen med kraftverk og røvsgard. På are sia sykla ru viare i retning attende mot bilen i Hagafoss.

Du passera kjende plassa som Statoil (bygdas rånarsentrum), skeisebanen som ha avla fleir tå verdas beste skeiseløpera, energitrappa som bærre e ei trapp upp te ingenplassa, aldersheimen, butikken, gamle kyrkja, ein kafeteria, kommunehuset og ikkje minst redaksjonslokala te Radio Hallingdal.

Når du har sett nøk tå det yrandes livet i Hol sentrum, kan du bærre gje alt du klara å sykle heile vegen attende te Hagafoss. Her e det gang- og sykkelveg heilt frå Djupedalen te Hagafoss, so sjølv om du e ein tå dei tøffe syklistadn i altførr trønge kledu anbefala me at du nyttar deg tå denne ...



Maleroppdrag til faste lave priser!  
3570 ÅI • Tlf 4560 8056



3570 ÅL - Tlf: 3208 1485 - Faks: 3208 1739  
E-post: post@hallingdalsk.no

Bank. Forsikring. Og deg.

**SpareBank**   
HALLINGDAL

# Turtips Geilo

## BUDALSRUNDEN (langt nøk, ell omlag halvanna mil)

### Statoil - Jødnbaneundergøngen te Bardøla - Budalen - Budalsvatnet - Brusletto - Statoil

Her ha du ein duvele ven tur om du lika å sykle i tæreng, men ikkje e noko bære te detta enn det e e. Her starta me på Statoil (før dei ha safsens gode burgera og cola te me kjem attende) og sykla neråt hovudvegen i retning Oslo (ell te høgre om det høve bære). Det e heilt burtkasta å trø te alt du klara, før ette bærrer eit par hundre meter sko du krysse veggen og sykle unde skinnudn te toget.

No går det uppette eit bel, asfalt heile veggen. Du sykla førri avkøyringa te Bardøla, men e du som e - ja då lyt du nøk ta ein tur innom hjå ho Sofie hjå bakarn på hotelet. Dekan are bærrer førtsett upp bakkadn mot Havsdalen, men like ette bommen der bilistadn må betale sko de følgje skiltinga «Budalsrunden».

Ette nokre hundre meter, ell kansji burtimot omlag ein kilometer, gjeld det å halde klar før kjettingen som sperra veggen. Herifrå endra veggen seg te å bia ein krysning myljo grus- og traktorveg og ette eit bel so ligna det endå meir på ein stig. Det e no moroa starta.

Stigen føre deg uppete bjørkeleggadn i skogen og like upp te sørenden tå Budalsvatnet. Her lyt du krysse åne, noko du gjer best te fots. Bi du våtar enn bærrer på føto, ja då ha du anten plumpa ell du e temmele stuttvaksin - åne e kje so djup skjønar u.

Du held fram på grusvegen som gå te Vestreim, men tek te høgre der det e skilta «Grostølen». Om du hadde det morot på den førre stigen, ja då kjem du te å storkose deg no. No kjem du nemle te eit parti på nokre kilometer med duvele grom stig. Her går det stort sett flatt og noko unnabakkji på ein safsens god stig før syklista. Du kjem te å bi som ein ungje atte, so morot e detta!

Mot enden tå tærengsyklinga bi stigen te ein laus og slafsens traktorveg, fyri det enda med ein bratt grusveg neråt riksvegen.

Når du kjem på hovudvegen, følgjer du bærrer denne attende te Statoilstasjonen.



Veidekke Entreprenører AS  
Avd. Hallingdal  
Avd. kontor Gol Tlf 3207 4944  
Kontor Geilo Tlf 3208 8110

# Bardøla

HØYFJELLSHOTELL

3580 Geilo • Tlf 3209 4100

[www.bardola.no](http://www.bardola.no)

Bank. Forsikring. Og deg.

SpareBank   
HALLINGDAL



Sorensen & Hall

Sorensen & Hall

BEAR RACE  
XB  
MOTORS  
Sorensen & Hall

40  
Sorensen & Hall

harp

# Kjære Thor og Kurt Asle

Ein ny sumar e på veg og minna om dei førre sit framleis gødt rundt vømme mi og ikkje minst i hugu. Kort år si e te me sjølv at no, ja denna sumaren den e min. No sko e ta attende kontrollen på krøpp og sjel.

Førr to år sea merka e at vømmebelte på birkebeinarsekken min ikkje lenger gjekk heilt rundt vømme. I fjor vart det nesten endå vondare, ja førr då hadde te og med hjølmen vørte førr knapp. Det si se nesten sjølv at eit vømmebelte sko rundt vømme og ein hjelm sko sita på hugu. Ein ting e at e legg på me, men at e bi tjukkar i hugu - det e førr gale!

Detta e lite merkelig, men samstundes temmele gledele me. Førr ette kort som vekta stig og vømme bia drugar og drugar - ja so bi e i det minste tunnar og tunnar i håret. So kem veit, kansji e detta den siste sykkelsesongen med eigen pannlugg.

Det som e snodigast e at e kort einaste år ha stadig fleire mil på sykkelen innan sumarferien set i gøng. Ja og i ferietide då bi're vel mykji sykling tenkje du vel då. Det bi jo det, men ko te sykling bi're?

Jo - då era dei i gøng atte. Ja dessa galne gutadn som e på ein slik gruppetur rundt om i Frankrike. Gjønno ven bya, myljo vingarda, upp og ner flotte fjell og frodige dala. Langs strendadn på Rivieradn - ja og dei strendadn era faktisk endå venare enn det e nere ve stasjonsbrune på Tørpo.

So der førsvinn sumaren førr me. Tre viku med meir enn 3252 km sykling. E bi både stiv og støl, te å me lite øm i fue. E passa på å få i me nøk mat og drikke, førr de bi sagt på TV'n at det e noko tå det viktigaste førr syklistadn.

E følge me. Føle gutan se lite kleine, ja då tek e det me ro me. Sykla dei upp bakkadn, ja då slit e me. Drikk dei Cola ette å ha kømen i mål, ja då gjer e det me. E bi som ein tå dei, endå e veg nestan det dubbelte tå han der Arvesen.

E e like sliten ette kor etappe som dei era, so det bikje gjort mykji i julimånaden i Vesledalsvegen 9 på Tørpo. Einaste e fær gjort e at e fær i me nøk mat te å bi kvitt det moglege vekttafet e ha hatt fram te starten på Tour De France.

So uanset kor dårle det går med Thor og Kurt Asle, tek dei sumaren min. Hushovden e ikkje eingøng blant dei hundre beste tå dei som fullføre førredi dei ikkje vart knipne i ein dopingkontroll ell måtte avbryte turen førredi kjæringji me ville på tur ... Lell følgje e me å bruke upp mesteparten tå sumaren. Graset i hagjin veks og naboadn fortvela, men dei veta ikkj kor slitsomt Tour De France kunn væra - dei veta ikkj ko som skjer!

E ha no fullført tre heile Tour De France, det e bærre so dumt at det e på røve i min eigen sofa!

So kjære Thor og Kurt Asle. Kunn ikkje dikkon bryte ette ei viku, legga upp ell kansji låne ei dopingprøve tå ein liten danske - ja bærre slik at e kan få attende sumaren min!.

# Sykla du bia hugtikjin tå!



Du bia nøgle nøgd med  
ein trøsykkel frå Hard Rocx ...

  
**hard rocx**

**TRETTERUD SPORT**

3579 Torpo - Tlf 3208 3378  
[www.tretterudsport.no](http://www.tretterudsport.no)



*Me tek atterhald om det meste, mellom anna moglege feil og/ell endringa i denne blekka!*